

Vestlandsrådet – Talepunkt til Kommunal- og forvaltningskomiteen

Ærede komitémedlemmer,

Vestlandsrådet har valt å fokusere på to sentrale tema: **ferje og eksport**, og **ferje og miljø**.

Ferje og eksport

Dei tre vestlandsfylka – Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal – er dei største eksportfylka i landet, med dominerande næringar som maritim sektor, sjømat og offshore leverandørindustri. For desse eksportfylka er det heilt avgjerande med eit tilgjengeleg og framkommeleg vegnett for å oppretthalde konkurransekrafta, uavhengig av om vegnettet er statleg eller fylkeskommunalt.

Ferjetenester er ein berebjelke for produktiviteten i desse næringane. Over fleire år har det vore rapportert om kraftig underfinansiering av ferjedrifta, og gapet mellom faktiske kostnader og statlege overføringar veks for kvart år. Fylkeskommunane står difor overfor eit vanskeleg val: enten kutte i ferjetilbodet eller la det gå utover vedlikehald av fylkesvegnettet.

For eksportnæringane er det viktigaste at ferja går – ikkje om det er ei riksvegferje eller ei fylkesvegferje. Men likevel ser vi at riksvegferjene i 2025 i snitt får 205 millionar kroner i rammetilskot per samband, medan fylkesvegferjene i Møre og Romsdal får berre 40 millionar kroner per samband.

Gratis ferje og reduserte takstar er sjølvsagt viktig for brukarane, men det dekkjer ikkje fylkeskommunane sine kostnader. Konsekvensen kan bli ei gratis ferje som står, og ikkje ei ferje som går. For å sikre eit tilstrekkeleg ferjetilbod utan at andre viktige samfunnsoppgåver vert nedprioriterte, må overføringane til fylkesvegferjene aukast med minst 1 milliard kroner.

Ferje og miljø

Vestlandsrådet støttar krava om nullutslepp i offentlege anbod for ferjetenester, som trer i kraft frå 1. januar 2025. Men vi vil minne om at fylka på Vestlandet har vore pionerar i det grøne skiftet, og har investert store midlar i å utvikle den teknologien som no gjer nullutslepp mogleg.

Vestland og Møre og Romsdal har hatt store merkostnader knytt til miljøtiltak for ferjedrifta. Erfaringar viser at det er ein netto merkostnad på minst 1500 kroner per tonn CO2 som vert spart. Dette vil for Møre og Romsdal si side bety ein reduksjon på 40.000 tonn CO2 i 2025, noko som tilsvarar ein kompensasjon på 60 millionar kroner – 10 millionar meir enn den totale ramma for fordeling mellom fylkeskommunane.

Vi ber om at denne ramma blir betydeleg styrka i statsbudsjettet for 2025, og at dei fylka som har vore i front med miljøtiltak, vert kompensert for dei kostnadane dei har teke.

Takk for merksemda.